

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 832/2012

2017/EØS/6/14

av 17. september 2012

## om godkjenning av eit preparat av ammoniumklorid som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppføringslam (inneharer av godkjenninga: Latochema Co. Ltd)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av ammoniumklorid. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» av det preparatet av ammoniumklorid som er ført opp i vedlegget, som tilsetjingsstoff i fôrvarer for oppføringslam.
- 4) I ei fråsegn av 31. januar 2012<sup>(2)</sup> slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at det preparatet av ammoniumklorid som er ført opp i vedlegget, under dei framlagde bruksvilkåra og i ein avgrensa fôringsperiode ikkje har

nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet, og at bruken av preparatet kan redusere pH-verdien i urinen til oppføringslam. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) Vurderinga av preparatet av ammoniumklorid som er ført opp i vedlegget, viser at dei vilkåra for godkjenning som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette preparatet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhøyrrer kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «andre avlstekniske tilsetjingsstoff», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 17. september 2012.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 251 av 18.9.2012, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 5/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 8.

<sup>(1)</sup> TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

<sup>(2)</sup> EFSA Journal 2012, 10(2):2569.

## VEDELEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald mg tilsetjingsstoff/kg fullfør med eit vassinnhald på 12 %	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
<b>Kategori: avlstekniske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: andre avlstekniske tilsetjingsstoff (pH-reduserande i urin).</b>									
4d7	Latochema Co. Ltd	Ammoniumklorid	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i></p> <p>Ammoniumklorid <math>\geq 99,5\%</math> (Fast form)</p> <p><i>Karakteristikk av det aktive stoffet</i></p> <p>Ammoniumklorid <math>\geq 99,5\%</math> <math>\text{NH}_4\text{Cl}</math> CAS-nr.: 12125-02-9</p> <p>Natriumklorid <math>\leq 0,5\%</math></p> <p>Framstilt ved kjemisk syntese</p> <p><i>Analysemetode (*)</i></p> <p>Mengdefastsetjing av ammoniumklorid i tilsetjingsstoff i forvarer: titrering med natriumhydroksid (Den europeiske farmakopeen, monografi 0007) eller titrering med sølvnitrat (JECFA, monografi om ammoniumklorid).</p>	Oppføringsslam	—	—	10 000	<p>1. Tilsetjingsstoffet skal tilsetjast for som ein premiks.</p> <p>2. Tryggleikstiltak: pustevern, augevern, hanskar og vernetøy skal nyttast under handsaminga.</p> <p>3. Fôr som inneheld tilsetjingsstoffet, skal gjevast i høgst tre månader.</p>	8. oktober 2022

(\*) Nærare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettsida til referanselaboratoriet: [http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL\\_feed\\_additives/Pages/index.aspx](http://irmm.jrc.ec.europa.eu/EURLs/EURL_feed_additives/Pages/index.aspx)